

// Møtedato: 05.04.2016
// Referent: Anders Norvald Hammer

Referat fra stiftingsmøte i Skodje næringsforening

Stiftingsmøte tysdag 5 april kl 18 i Kultursalen, Gomerhuset. Møtet vart leia av ordfører Dag Olav Tennfjord. Representantar frå 9 ulike verksemder møtte.

Sak 1 Godkjenning av vedtekter.

Vedtektene blei presentert og gjennomgått av møteleiar.

Mikal Skodjereite foreslår at årsmøtet vel styreleiar, jf §3 i vedtektene. Forslaget blir trukket før vedtektene går til godkjenning.

Vedtektene blir godkjent av årsmøtet slik dei er lagt fram.

Sak 2. Val av styre for Skodje næringsforening.

Forslag:

Kjell Tafjord, Kiwi Skodje
Jan Petter Larsen, Wenaas kapital
Peder Stette, Optimar Stette
Geir Vidhammer, A-plast.

Styret blir valgt av eit einstemmig årsmøte.

Sak 3. Foredrag

- Økonomisjef Lars Fylling i Skodje kommune holder foredrag om kommunal inntektsmodell.
- Rådmann Bente Glomset Vikhagen orienterer om status i kommunale planprosessar og ønsker samarbeid med næringslivet i kommuna.